

Nordhordland Utviklingsselskap IKS – Budsjettføresetnadar 2019 og kommentarar

Generelt

I budsjettet for 2019 er den generelle kontingenten til NUI auka med 3 %.

Det er ein usikkerheit knytt til dei eksterne inntektene som er budsjettert til dei ulike prosjekta. Dette skuldast at me ikkje veit kor mykje prosjektstøtte me vil få frå ulike søknadssteder. Uavhengig om me får ekstern finansiering frå desse prosjekta, så er dette prosjekt som regionen ønskjer skal gjennomførast.

Me foreslår difor at ein gjev ei generell løyve til å nytte inntil 1 mill. kr frå disposisjonsfondet dersom dei eksterne inntektene vert mindre enn budsjettert.

Det vil også kunne vere aktuelt å søke om prosjektinntekter for å finansiere eksisterande eller nye prosjekt. Den auken i eksterne inntekter vil kunne gi ein tilsvarende auke i kostnadane, men det skal ikkje føre til auka kostnadar for kommunane.

Det er budsjettert med 6,8 årsverk og om lag 3 % løns- og prisauke.

Pensjonskostnadane er usikre. Budsjettet tek utgangspunkt i prognosen frå KLP. Me samlar alle lønnskostnadene og faste kostnadar som er knytt til husleige, IKT, telefoner m.v. på prosjekt 1, med unntak av prosjekt 4 IKT der er vert lønnskostnadane belasta direkte på prosjektet. Kostnadane vert så fordelt på dei ulike prosjekta med å bruke artane 12900 – interne kostnadar / 17900 – interne inntekter.

Direkte kostnadar som kurs, opplæring, kontingentar, reise m.v. vert ført direkte på kvart einskild prosjekt.

Kommentar til nokre av prosjekta

(Det er nytta avrunda tal i kommentarane)

1 – Administrasjon – drifta av Nordhordland Utviklingsselskap IKS

Inntekter

- Medlemskontingent kommunane – aukar med kr 120.000 - til kr 4.100.000,-
- Kommunane sin kontingent fylkeskommunen etablerarteneste og Invest in Bergen – kr 315.000,-
- Kompetanseprosjektet – kr 405.000,- uendra.
- Reiseliv – kommunane i Nordhordland vert medlem i Bergen Reiselivslag og innkrevjinga av kontingent skjer via NUI – 856.000. Auken på kr 87.000 skuldast at Gulen er med frå og med 2019 og ein prisauke.
- Kontingent fylkeskommunen, kompetanseprosjektet og Reiseliv har ein tilsvarende kostnadspost hos NUI.
- Interne inntekter – i og med at NUI administrer ein del prosjekt og gjer ein jobb for desse så må NUI ha betalt for dette. (sjå forklaringa under generelt)

4 – IKT strategi

Det er ein auke på 155.00 – det er litt lågare enn forventa prisvekst. Budsjettet er handsama av rådmannsgruppa.

8 – Interkommunal plan for sjøareala i Nordhordland

Prosjektet har vore i startgropa sidan 2016. Det vart 20. august i 2016 gjennomført eit vellukka oppstartseminar med informasjon frå styresmakter og andre. Men etter dette har det stoppa opp pga. at Alver-kommunane ikkje har hatt høve til å setje av ressursar til å følgje opp prosjektet med ein kontaktperson frå planavdelinga. Det vil bli tatt initiativ til å starte ein kartleggingsprosess i 2019. Presset på sjøareala vil sannsynlegvis bli større framover, me trur det difor vil vere viktig å få til ein god plan for sjøareala på tvers av kommunegrensene.

Inntekter

- Har fått totalt 1,1 mill. kr til prosjektet i skjønnsmidlar frå Fylkesmannen

Kostnader

- Det er lagt inn eksterne kostnader på 0,3 mill kr og 0,15 mill kr i interne kostnader.

9 – sekretariat kontrollutvala

Inntekter

- Budsjettet med kr 670.000,- i inntekt frå kommunane, ingen auke frå 2018. Vert fordelt med kr 60.000 som ein fast sats pr. kommune og resten etter folketal.
- Det er budsjettet å bruke kr 94.000,- frå fondet.

Kostnader

- Det er tenkt å nytte om lag 0,6 årsverk.

20 – LKT (Langvarige og koordinerte tenester)

Dette er eit prosjekt som starta opp i 2017. NUI går inn med om lag 0,3 årsverk i prosjektet.

Formål: LKT Prosjektet – samarbeidsprosjekt mellom kommunar og sjukehus i Helse Bergen sitt føretaksområde retta mot pasientar med trong for langvarige og koordinerte tenester.

Organisering: Helse Bergen har tatt initiativ til prosjektet og ivaretar prosjektleiinga gjennom sin FOU avdeling. Prosjektleiari har meldt inn behov for å knytte til seg ressurs med kunnskap om kommunale tenester i det som er definert som kjerneteamet for prosjektet.

Samarbeidsutvala for dei fire utvalsområda i Helse Bergen HF har slutta seg til at kostnader til ein slik ressurs vert tatt inn i prosjektet, og alle 24 kommunar har slutta seg til ei fordeling av kostnadene. Når det gjeld finansiering, så får me dekkja inn våre kostnader for 0,3 årsverk + reiser og andre direkte kostnader knytt til dette prosjektet gjennom bidrag frå 15 kommunar. Bidrag frå våre eigne kommunar er med i den totale inntekta på 0,4 mill kr.

32 – Biosfære

Inntekter

- Det er budsjettert med kr 660.000 frå kommunane, det er inkludert Øygarden og Vaksdal. Vaksdal er ny frå 2019. Totalt er der ein auke frå kommunane på kr 98.000, av dette er 55.000 frå Vaksdal. Det er budsjettert med 800.000 i inntekter frå Universitetet, Hordaland fylkeskommune og Klima og Miljødepartementet.

Kostnader

- Den interne ressursbruken er satt til kr 685.000,- og andre kostnader til 775.000,-.

Søknad til Unesco ligg no i Oslo, og skal vidare til Unesco før jul. Når Nordhordland Biosfæreområde får godkjenning som Unesco biosfæreområde, trengst det større økonomiske musklar. Dette må det jobbast med i 2019. Busjetteringa er derfor veldig usikker, men uansett må utgiftene stå i forhold til inntektene.

Andre prosjekt

Dei andre prosjekta er dekkja med prosjektmidlar eller bruk av fond. Slik me vurderer det skal det ikkje vere noko risiko med omsyn til finansiering i desse prosjekta.

Knarvik, 15. november 2018



Rune Heradstveit

Dagleg leiar

Nordhordland Utviklingselskap IKS

Vedlegg:

- Budsjett 2019